

Feira stor gevinsten med kake.

28.10.2016



Feira stor gevinsten med kake og kaffi.

Sist helg vart det som kjent stor gevinst på 6 kvinnheringar. Vinnarlaget viste seg å vera ei gruppe arbeidskollegaer på kjøkkenet ved Valen sjukehus. Kupongen var levert inn på Spar Uskedalen, og i dag var det feiring med kaffi og kake i butikken. Det var Norsk Tipping som spanderte kaka, og den var levert av Elins Matgleder.

Som Kvinnheringen tidlegare har meldt, var dei 6 heldige som kunne jubla over å ha vunne heile 7.178.145,- kroner til saman, Linda Matre(Uskedalen), Pauline Vik(Husnes), Monica Nilsen(Husnes med mann frå Eik), Anne Britt Hauge(Husnes), Anne Dale Lande(Halsnøy) og Knut Hansen (Valen). Kollegaene hadde tippa Lotto saman i mange år, og etter det vi kjenner til, var det Linda Matre som leverte inn vinnarkupongen på Spar Uskedalen.

I dag var det altså feiring med kaffi og god marsipankake. Mange deltok i feiringa, og alle som eg hørde ytra seg, gledde seg stort over vinnarlukka til dei 6 på tippelaget. Kommentarane gjekk mellom anna på at dei syntest det var flott at det var såpass unge vinnarar. Mange meinte også at det var flott at det var fleire som var saman om stor gevinsten.

Det er den desidert største gevinsten som er henta ut gjennom spelning på Spar Uskedalen. Den tidlegare rekorden var 500.000 kroner på Flax. Rett nok kjenner vi til uskedelingar som har vunne større gevinstar, m.a. tippegevinstar på over 2 mill., men då har det vore levert inn andre stader. Spar Uskedalen vil få tilsendt diplom etter stor gevinsten. Vi kan trygt sei at dei verkeleg slo til då dei endeleg fekk milliongevinst!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland